
Saksnr: 2020/842-6
Saksbehandlar: Eva Kristin Svidal

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.03.2021

Revidering av retningslinjer for kunstnarstipend og folkemusikkstipend

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek reviderte retningslinjer for kunstnarstipend og folkemusikkstipend som dei ligg føre i vedlegga.

Samandrag

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok retningslinjer for kunstnarstipend og folkemusikkstipend 21.04.2020 i sak 59/2020. Fylkesdirektøren vurderer at retningslinjene har fungert godt etter føremålet. Erfaringar frå saksbehandlinga i 2020, tilbakemeldingar frå fagkomitear og situasjonen for kunstnarar under Covid-19 pandemien gjer at ein likevel ser behov for justering og revidering av retningslinjene.

Den største justeringa gjeld kunstnarstipend der kunstnarar som mottar statlege stipend i perioden i følgje dei reviderte retningslinjene også kan bli vurdert til stipend frå fylkeskommunen. Elles er revideringa i stor grad av språkleg art der retningslinjene for kunstnarstipend og folkemusikkstipend er gjort meir språkleg like.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ronny B. Skaar
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok retningslinjer for tilskotsordningane under budsjettposten Stipend 21.04.2020 i sak 59/2020: *Kunstnarstipend og folkemusikkstipend. Innretting og retningslinjer*. Budsjettposten var på 860 000 kr. Ordningane vart lyst ut med søknadsfrist 1. juli 2020, og det vart gjort vedtak om tildeling av folkemusikkstipend i møte 16. september og kunstnarstipend i møte 15. oktober.

Interessa for ordningane var stor og det kom inn 7 søknader til folkemusikkstipend og 138 søknader til kunstnarstipend. Det vart tildelt 17 kunstnarstipend á 40 000 kr, eit folkemusikkstipend á 60 000 kr og to folkemusikk-ung stipend á 25 000 kr (for søkjarar under 30 år).

Det var sett av 30 000 kr til arbeid i fagkomitear. Fire komitear fordelt på visuell kunst (inkl. kunsthåndverk og design), musikk, litteratur og film og scenekunst (inkl. dans) vurderte søknadene til kunstnarstipend. Ein eigen fagkomité vurderte søknadene til folkemusikkstipend.

Kunstnarstipend

Covid-19 pandemien har gjort situasjonen for kunstnarar svært krevjande. Mange har mista inntektsgrunnlaget sitt. I følgje retningslinjene for Vestland fylkeskommune sine kunstnarstipend har kunstnarar som mottar Statens kunstnarstipend; arbeidsstipend eller stipend for etablerte kunstnarar/seniorkunstnarar i den aktuelle perioden ikkje kunna få stipend. Det har komme signal om at dette er uheldig i den krevjande situasjonen mange kunstnarar no er i. Dei statlege stipenda er i seg sjølv ikkje store nok til å gje kunstnarar gode nok arbeids- og levekår når anna inntekt fell bort.

Som ei tilpassing til pandemien vurderer fylkesdirektøren det som rett å justere retningslinjene på dette punktet før årets søknadsrunde. I dei reviderte retningslinjene er andre stipend søkjarar har mottatt ikkje lenger eit hinder for å kunne bli tildelt kunstnarstipend frå fylkeskommunen, men det vil bli vurdert om det skal ha betydning ved prioritering av søkjarar. Det vil vere naturleg å evaluere og eventuelt justere denne tilpassinga når situasjonen har normalisert seg.

Fylkesdirektøren vel også å ta bort anna/tverrkunstnarleg verksemd som ein kategori ein kan søkje innan for. Søknader i denne kategorien har blitt vurdert av to ulike fagkomitear før innstilling. Erfaringar frå søknadsbehandlinga i 2020 viser at dei som søker denne kategorien oftast har si hovudtyngd i eit av dei andre kategoriane; visuell kunst (inkl. kunsthåndverk og design), musikk, scenekunst (inkl. dans), litteratur og film og soleis vil få ei meir rettvis vurdering ved å velje ein av desse kategoriane når dei søker.

Elles er forslaga til endring i hovudsak språklege justeringar.

Revidering del for del retningslinjer kunstnarstipend

- Føremål
Inga endring
- Kven kan søkje?
Det tredje avsnittet som presiserer at kunstnarar som mottar Statens kunstnarstipend ikkje kan tildelast kunstnarstipend frå Vestland fylkeskommune er tatt bort og vil ikkje gjelde lenger.

Dei to siste avsnitta, som seier at det må gå minst 3 år frå ein mottar stipend til ein kan bli vurdert for eit nytt, er slått saman og gjort språkleg betre.
- Søknadsfrist
Retta til ei formulering som ikkje inneber dato, men fastheld årleg utlysing.
- Kva kan ein få støtte til?
Det er gjort ei presisering slik at det no står høve til utvikling av kunstnarisk praksis.

Kategorien anna/tverrkunstnarleg verksemd er tatt bort då ein ser at dei fleste søkjarar har si hovudtyngd i eit av dei andre kategoriane sjølv om dei jobbar tverrfagleg.

- Krav til søknaden
Inga endring
- Vurdering
Det er lagt til eit nytt punkt som seier at det ved prioritering av søkjarar vil bli vurdert om andre større stipendtildelingar i perioden skal ha betydning for ei eventuell tildeling.

Punktet erstattar avsnittet om Statens kunstnarstipend som er tatt bort frå «Kven kan søkje?». Endringa gjer at søkjarar som mottar Statens kunstnarstipend kan få tildelt kunstnarstipend frå fylkeskommunen, men at ein samtidig kan prioritere søkjarar som ikkje mottar statlege stipend framom.

- Vilkår for tilskot
Inga endring
- Sakshandsaming og vedtak
Inga endring
- Oppfølging og rapportering
Inga endring
- Klage
Inga endring

Folkemusikkstipend

Fagkomiteen som vurderte søknader til folkemusikkstipend i 2020 kom i etterkant med ønskje om at retningslinene vart gjort meir tydelege for søkjarane før neste søknadsrunde. Fylkesdirektøren ser at retningslinene for kunstnarstipend er noko klarare på ein del punkt enn retningslinene for folkemusikkstipend utan at det er nokon spesiell grunn for det då ein i begge ordningane krev høgt kunstnarleg og fagleg nivå. Det vil difor kunne tene søkjarane til folkemusikkstipend om retningslinene for dei to ordningane samsvarar meir språkleg.

I dei reviderte retningslinene er den språklege utforminga likare den ein finn i retningslinene for kunstnarstipend. Samtidig er det framleis tydeleg at ordningane har ulike føremål. Ordninga med folkemusikkstipend skal styrke og sikre arbeidet med immateriell og handboren kulturarv.

Endringane i kvar del av retningslinene er skildra under.

Revidering del for del av retningsliner for folkemusikkstipend

- Føremål
Føremålet er skrive om og gjort språkleg likare føremålet for kunstnarstipend. Det gjer det tydelegare for søkjarar kva som er målet med stipendordninga.
- Kven kan søkje?
I andre avsnitt er kriteriet «kjennskap til feltet» tatt bort. Det gjer ordninga med open overfor aktuelle søkjarar med annan folkemusikkbakgrunn enn den norske.
- Kva kan ein få støtte til?
Konkretisering av storleik på stipenda er tatt bort. Det gjev rom for å justere storleiken på stipenda i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande budsjettavsetjinga til ordninga.
- Søknadsfrist
Retta til ei formulering som ikkje inneber dato, men fastheld årleg utlysing.
- Krav til søknad

Teksten er gjort lik med teksten under tilsvarende overskrift i retningslinjer for kunstnarstipend.

- Vurdering
Teksten er endra frå heil tekst til punkt som gjer det tydelegare kva ein legg til grunn for vurdering av søknader. Det er lagt til to punkt som samsvarar tematisk med vurderingspunkt i retningslinjene for kunstnarstipend. Punkta er:
 - To av stipenda skal tildelast søkjarar under 30 år.
 - Det er eit mål å stimulere til at det er høve til å leve og arbeide med immateriell og handlingsboren kulturarv i alle deler av fylket.
- Vilkår for tilskot
Inga endring
- Sakshandsaming og vedtak
Inga endring
- Oppfølging og rapportering
Inga endring
- Klage
Inga endring

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Tildelingar vil vere i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

Klima:

Ikkje relevant her

Folkehelse:

Regional plan for folkehelse - 2014 - 2025 - Fleire gode levekår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på helsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

Konklusjon

Fylkesdirektøren ser dei reviderte retningslinjene som betre for å klargjere føremålet med ordningane og kommunisere dette ut til potensielle søkjarar.